

# **Postpensjonistane i Sogn og Fjordane**

**Protokoll frå årsmøte på Skei fredag 11.03.2022**

**Møtestad: Thon Hotel, Skei**

**Møtet starta kl. 17.00**

Det møtte 34 medlemmer.

**Sakliste:**      **1. Opning**

- 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.**
- 3. Val av møteleiar, referent og 2 til å skrive under på protokollen**
- 4. Årsmelding 2021.**
- 5. Rekneskap for 2021.**
- 6. Handlingsplan for 2022.**
- 7. Budsjett 2022.**
- 8. Val**
- 9. Innkomne forslag.**
- 10. Avslutning.**

## **Sak 1.**

Styreleiar Jermund Fimreite ynskte alle velkomne og mintes dei som hadde gått bort i 2021 med eit minutt stillheit.

## **Sak 2.**

**Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.**

## **Sak 3.**

Det var framlegg på:

Møteleiar: Jermund Fimreite.

Referent: Oddny Rosenlid.

Til å skrive under på møteboki: Turid Erdal og Britt Torvik

## **Alle vart einstemmig valt.**

## **Sak 4.**

1. Årsmeldinga vart utsendt til dei som hadde meldt seg på til årsmøtet. Jermund gjekk gjennom årsmeldinga punkt for punkt.  
På andre sida burde det ha stått «Samarbeid med Sogn og Fjordane Pensjonistfor**bund** i stadenfor **Lag**  
Ingen hadde spørsmål eller merknad til årsmeldinga.

**Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig vedteken.**

## **Sak 5.**

Rekneskapet hadde vore utsendt til dei som hadde meldt seg på til årsmøtet. Økonomiansvarleg Anders Vosseteig gjekk gjennom det reviderte rekneskapet post for post. Han nemnde at reiseutgifter i ettertida skal førast på høvesvis årsmøte og styremøter. Det kom ein del spørsmål om «Onkelfondet», om det er ei utømmeleg «kjelde». Dette må undersøkjast til seinare hjå Hallvar

Helgheim i Bergen

**Vedtak: Rekneskapet vart einstemmig vedteke.**

**Sak 6**

Jermund gjekk gjennom Handlingsplanen for 2022 .

**Vedtak: Handlingsplanen vart einstemmig vedteken.**

**Sak 7.**

Anders gjekk gjennom det framlagde budsjettet.

**Vedtak: Budsjettet vart einstemmig vedteke.**

**Sak 8.**

Leiar i valnemnda Arnt Bøe orienterte litt om valet. Oddny Rosenlid og Osvald Olsen hadde sagt frå seg attval. Det var difor forslag på 2 nye jenter i styret.

Resultatet av valet vart slik:

Styret:

Styreleiar: Jermund Fimreite                          attval.

Styremedlem: Anders Vosseteig                          attval  
«                Kjell Skår                                  ikkje på val  
«                Åse Rosø                                  ny (2 år)  
«                Venke Heggenes Linde                          ny (2 år)  
1. varamedlem: John Lien                                  attval  
2.           «           Grete Finnebotten                          attval  
3.           «           Halmar Fureli                                  attval

Kontroller:    Oddmund Alværen                                  ikkje på val  
«    Oddvar Sande    attval  
Var kontroller    Elna Lund    ny (2 år)

AKTIVITETSNEVN:

Leiar:    Anna Lunestad    attval  
Medlem    Oddny Rosenlid    (ikkje på val)  
«    Hjalmar Fureli    opprykk frå varamedlem  
Varamedlem    Marit Helgheim    ny

Leiar:    Arnt Bøe    attval  
varamedlem    Bente Troye    attval  
    Eldbjørg Hustveit    attval

**Vedtak: Alle framlegg vart einstemmig vedtekne.**

## **Sak 9.**

Det var ingen innkomne forslag, men Jermund orienterte om at laget vil arrangere datakurs for medlemmene som ynskjer det.

Det vart ein del diskusjon om korleis ein på best måte skal arrangere dette rundt om i fylket, med deltaking og lærekrefter. T.d. er ein til ein metoden mest fornuftig for å lære best mogeleg.

Jermund mente styret må sende ut eit spørjeskjema med påmelding for å lufte interessa og kome i gang.

Harald Ekroll informerte litt om feiringa av 25-års jubileumet til hausten. Dato blir sannsynlegvis 22. oktober. Stad er ikkje heilt bestemt, men det blir innhenta tilbod frå Gloppe Hotel og Thon Hotel, Skei. Harald ynskte innspel frå medlemmene om underhaldning m.m.

## **Sak 10.**

Osvald Olsen og Oddny Rosenlid vart takka av med kvar sin blomsterbukett, for godt arbeid i styret.

Jermund takka for frammøtet og ynskte velkommen til middag kl 19.30

Oddny Rosenlid  
referent

Turid Erdal

Britt Torvik